

Fellesskapet som problem og løsning

- ein konferanse for alle som jobbar for, med og i skolen

21. oktober 2025 kl. 09.00–15.30, Parken kulturhus, Ålesund

- | | |
|-----------|---|
| Kl. 09.00 | Registrering og mingling |
| Kl. 09.30 | Velkommen ved Rigmor Hustad Holen, Møre og Romsdal fylkeskommune og Nina Kolbjørnsen, Helsedirektoratet |
| Kl. 09.40 | Fellesskapet som problem og løysing i skolen ved Johannes Finne, Ph.d., Førsteamanuensis i pedagogisk psykologi Læringsmiljøsentret ved UiS |
| Kl. 10.40 | Pause |
| Kl. 11.00 | Korleis bruke Livet&Sånn for å skape gode fellesskap ved Anne-Hilde Lystad, prosjektleiar Livet&Sånn, Ålesund kommune |
| Kl. 11.50 | Lunsj |
| Kl. 12.50 | Foreldre som ressurs for fellesskapet – panelsamtale og workshop |
| Kl. 14.00 | Pause |
| Kl. 14.15 | Læraren som fellesskapar – fellesskapane undervisning i praksis ved Kristin Øksenvåg, mobbeombod i Møre og Romsdal og Kjersti Nervold, lærer ved Bekkestua skole |
| Kl. 15.15 | Oppsummering og avslutning |
| Kl. 15.30 | Vel heim |

[Følg denne lenke for å melde deg på konferansen.](#) Påmeldingsfrist 1. oktober 2025.



Eit innblikk i programmet

Fellesskapet som problem og løysing i skolen

Johannes Finne, Ph.d. og førsteamanuensis ved Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger

Opplevinga av å vere ein del av eit sterkt fellesskap er truleg den aller viktigaste faktoren for elevane si oppleving av eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø. Men mange strømmingar i samfunnet dyrkar andre og meir individuelle perspektiv, som gjer at fellesskapstanken stadig blir utfordra og i mindre grad kan takast for gitt. Samtidig er fellesskapet ein føresetnad i skolen sin innsats for å gi alle elevar eit godt fagleg og sosialt tilbod. Innlegget fokuserer på kvifor fellesskapet er viktig, og korleis vi kan skape slike gode fellesskap.

Korleis bruke Livet&Sånn for å skape gode fellesskap

Anne-Hilde Lystad, prosjektleiar for Livet&Sånn i Ålesund kommune

Livet&Sånn har mykje materiell som handlar om individet fordi det å forstå seg sjølv og andre kan vere eit viktig element for å fungere og ha det godt, og for å bidra positivt i fellesskapet. Når ein brukar Livet&Sånn systematisk, også tiltakspakkane, foreldremøta og personalkursa, styrkar ein ikkje berre elevane sin kunnskap om folkehelse og livsmeistring, men ein bidrar til å styrke fellesskapet dei høyrer til. Og kanskje er det enda viktigare for folkehelsa og livsmeistring vidare i livet?

Foreldre som ressurs for fellesskapet – panelsamtale og workshop

Foreldre har eit unikt ansvar for at akkurat sitt barn har det bra og får dekt sine behov, og det er i utgangspunktet bra at foreldre kjempar for barna sine. Mange opplever likevel at det fort kan gå på bekostning av fokus på fellesskapet, og andre barn i fellesskapet sine behov, eller at forventningane til kva skolen kan gjere for den enkelte eleven blir for store. Men om vi ønsker er at foreldra skal vere ressursar for fellesskapet og engasjere seg for at alle i flokken skal ha det bra saman, – korleis legg vi då til rette for det?

Vi startar med ein liten panelsamtale på scena før deltakarane jobbar vidare saman i grupper. I tillegg til at vi håper deltakarane får med seg inspirasjon tilbake til kvardagen frå denne økta, er målet at vi får samla mange nyttige innspel som Livet&Sånn, mobbeombodet og Læringsmiljøsenteret kan bruke vidare i utviklinga av nytt materiell til skolane!

Læraren som fellesskapar – fellesskapande undervisning i praksis

Kristin Øksenvåg, mobbeombod i Møre og Romsdal, og Kjersti Nervold, lærar ved Bekkestua skole i Bærum

Skolekvardagen gir begrensa tid til alt som skal gjerast, difor er læraren si undervisning den beste sjansen ein har til å skape dei gode fellesskapa. Det å undervise slik at fellesskap vert styrka krev svært komplekse tankeprosessar for lærarane. Kristin og Kjersti har nyleg levert ei masteroppgåve om kva som skal til i planlegging, gjennomføring og evaluering for at læraren kan lykkast med fellesskapande undervisning med elevane. [Filmen Fellesskapande undervisning](#) var ein del av deira masterarbeid, og det er fint om de ser denne filmen i forkant. I dette praktiske innlegget går dei vidare inn i dette spennande temaet med fleire gode tips og idear til korleis ein jobbar godt med dette.